



Sula kommune
Postboks 280
6039 Langevåg

Sula kommune - Kontroll med kommunalt avløp - Oversending av inspeksjonsrapport

Vedlagt oversender vi inspeksjonsrapport 2011.073FM MR etter kontroll 13.01.2011.

Inspeksjonsrapporten omtalar kontrollen og dei funna som blei presntert på sluttmøtet, samt oppfølginga og tilbakemelding som fylkesmannen krev.

Gebyr for kontrollen er heimla i forureiningsforskrifta § 39-6. Vedtak om gebyr kan påklagast til Klima- og forureiningsdirektoratet innan 3 veker frå denne meldinga er kome fram. Evt klage skal sendast hit.

Med helsing

Kolbjørn Megård (e.f.)
seksjonssjef

Gunnhild Liva Austvoll

Vedlegg: Inspeksjonsrapport



Inspeksjonsrapport

2011.073.FMMR

Sula kommune
Rådhuset
6030 Langevåg

Inspeksjon hos Sula kommune

Dato for inspeksjonen: 13.01.2011

Rapportnr: 2011.073.FMMR

Saksnr.: 2011/714

Kontaktpersonar ved kontrollen:

Frå verksemda:

Aleksander Remø Ytterland

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Kolbjørn Megård

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som blei presentert hos Sula kommune under sluttmøtet for inspeksjonen 13.01.2011. Rapporten er å sjå som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan tre veker etter at rapporten er mottatt.

Fylkesmannen avdekka 5 avvik – ingen merknad:

- Avvik 1. Avviksbehandling for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillende.**
- Avvik 2. Risikovurdering for avløpsanlegget er ikke tilfredsstillende**
- Avvik 3 Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelige førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar**
- Avvik 4 Overløp av ureinsa kloakk er ikkje tallfesta**
- Avvik 5 Avløpsleidningar blir ikkje vedlikehaldt og fornya i tilstrekkeleg omfang**

Avvika er nærare omtala i pkt 2 på side 3 i rapporten.

Sula kommune må sende en skriftleg melding innan 1.4.2011 på at avvika er retta.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala i pkt 3 på side 3 i rapporten.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

31.01.2011 Gunnhild Liva Austvoll
Dato kontrollør

Kolbjørn Megård
seksjonssjef (e.f.)

Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr	Eigd av:
Besøksadresse:	Telefon:
Bransjenr. (NACE.kode):	E-post:
Verksemda er:	

Kontrollert anlegg

Namn:	Anleggsnr:
Kommune:	Anleggsaktivitet:
Fylke:	Risikoklasse:
Løyve gitt:	Løyve sist oppdatert:

1. Bakgrunn for inspeksjonen

Det blir gjennomført ein landsomfattande kontrollaksjon i 2010 av avløpsanlegg i større tettstader som blir omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta (utslepp frå meir enn 10 000 personekvivalentar (PE) til sjø eller utslepp frå meir enn 2000 PE til vassdrag). Formålet med kontrollane er å dokumentere at avløpsanlegga blir drifta i tråd med gjeldande krav. Aksjonen er ei oppfølging av ein tilsvarande aksjon i 2008.

Aksjonen er todelt med først ein innleiande obligatorisk brevkontroll i alle kommunar med større avløpsanlegg. Hovudtema for brevkontrollen er avløpsleidningar og klimatilpassing.

Kontrollaksjonen omfattar vidare inspeksjon i utvalde kommunar. Kontrollen i Møre og Romsdal er litt redusert i forhold til tema i aksjonen ellers i landet. Dei aktuelle kommunane i Møre og Romsdal har unntaksvis bygd dei reinseanlegga som kapittel 14 krev: sekundærreinsing, eventuelt primærreinsing etter dispensasjon frå fylkesmannen. Siste frist for å ferdigstille reinseanlegga er 31.12.2015.

Følgjande kontrolltema er derfor lagt til grunn:

- **Klimatilpassing**
Avløpsanlegga skal dimensjonerast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden der det ligg. Framtidige endringar i klimatiske forhold i anlegget si levetid må takast med.
Aksjonen skal ha fokus på:
 - Forventa klimautvikling
 - Verknader i avløpsanlegga
 - Mottiltak mot klimaeffektar
 - Lokal overvasshandtering
 - Tiltak på avløpsnettet
- **Avløpsleidningar**
Avløpsnettet skal dimensjonerast ved bruk av best tilgjengeleg teknologi og ut frå blant anna kunnskap om framtidige endringar.
Aksjonen skal ha fokus på:
Oversikt over tilstand på avløpsnettet
 - Overløp og kontroll med utslepp av ureinsa vatn
 - Funksjonskrav til nettet
 - Saneringsplanar for avløpsnettet
- **Reinseanlegg**
Aksjonen har fokus på bemanning og opplæring, samt avvikshandtering.

Rapporten omhandlar avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsatt i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å peke på for å ta vare på det ytre miljø, men som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik.

2 . Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1 Avviksbehandling for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillende.

Avvik frå Internkontrollforskriften § 5 punkt 7. (Avdekkje og rette opp avvik)

Kommentar

Avviksbehandlingssystemet inkluderer ikkje alle delar av avløpsanlegget (spesifiser hva som ikke er inkludert: avløpsnett, overløp, renseanlegg, utsleppsmålinger etc.).

Avviksproseduren blir ikkje brukt eller etterlevd i praksis.

Avvik 2 Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik fra Internkontrollforskriften § 5 punkt 6. (Vurdere risiko)

Kommentar

Det er ikkje utarbeida ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget.

Avvik 3 Anleggseigar har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar.

Avvik fra Forureiningsforskrifta § 14-10 Utforming og drift av reinseanlegg.
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 Avdekkje og rette opp avvik.

Kommentar

Kommunen har ikkje undersøkt korleis regionen vil bli påverka mht. framtidige klimaendringar.

Det er ikkje foretatt vurderingar eller utrekningar av kva konsekvensar og verknader venta framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnettet.

Avvik 4 Overløp av ureinsa kloakkvatn blir ikkje tallfesta.

Avvik fra Forurensingsforskriften § 14-5 Avløpsnett.

Kommentar

Vesentlige overløp manglar utstyr som anten registrerer vassmengde eller tidsvarigheit for overløp av ureinsa vatn.

Utslipp av ureinsa vatn via alle overløp blir ikkje tallfesta anten ved utsleppsmålingar, modellering eller annen utrekning.

Avvik 5 Avløpsleidningar blir ikkje vedlikehalde og fornya i tilstrekkeleg omfang.

Avvik fra Forureiningsforskrifta § 14-5 Avløpsnett.
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 4 fastsetje mål for ytre miljø.
Forskrift om internkontroll § 5 punkt 7 avdekkje og rette opp avvik.

Kommentar

De viktigaste problemområda på nettet er ikkje identifisert i ein skriftleg dokumentasjon. Det ligg ikkje føre ein saneringsplan for leidningsnettet som er oppdatert etter 2005. Det er ikkje satt måltall for årleig fornyingstakt eller investeringsnivå for leidningsnettet.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sula kommune pliktar snarast å rette opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. For at fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må verksemda innan 1. april 2010 sende ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon som viser at avvika er retta, eventuelt ei plan for gjennomføringa.

Vi ber om at de stilar svarbrevet eller e-post (postmottak@fmmr.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Kolbjørn Megård.

4. Gebyr for verksemd med løyve

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen (jf. forureiningsforskrifta § 39-6). Kloakkutslepp i Sula kommune, som blir omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14, er enno ikkje plassert i noko risikoklasse. Dette betyr at de skal betale satsen for kontrollklasse 4. Gebyrsatsen i er kr. 4 300. Faktura vil bli sendt frå Klima og forureiningsdirektoratet. Vi viser elles til kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

5. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via fylkesmannen sin postjournal på www.fmmr.no (jf. offentleglova).